

HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 08/02612-31

27.06.2024

Ark.: 326.12 BS

Vedtak i namnesak 2024/49 - Engeskaret, Gjerdselva og Lisje-Buhammaren i Hareid kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fem stadnamn i Hareid kommune. Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn

	Namn	Namneobjekt	Kommentar
1	Engeskaret	gard, gnr. 66	
2	Engeskaret	bruk, bnr. 66/1	
3	Engeskarvika	vik i sjø	
4	Gjerdselva	bekk	
5	Lisje-Buhammaren	nes i sjø	På grensa mellom Hareid og Ulstein kommune

Kommunen gjer vedtak om adressenamn og namn på tunnel med utgangspunkt i den vedtekne forma *Engeskaret*. I samansetningar blir skrivemåten *Engeskar-*, sjå tilrådinga frå Språkrådet.

Bakgrunn

Namnesaka vart tatt opp av Hareid kommune for å få fastsett skrivemåte til offentleg bruk av nokre stadnamn i kommunen, jf. brev datert 31.1 og e-post 6.2.2024.

- *Engeskaret* hadde fleire skrivemåtar i offentleg bruk (*Engeskaret/ Engeskardet/ Engjaskaret*).
- *Gjerdselva* hadde status foreslått, slik at namnet ikkje hadde offisiell status og vart teikna ut i kart.
- *Litle Buhammaren* kom inn i saka fordi kommunen meiner at skrivemåten *litle* ikkje er i samsvar med talemålet.

Namnesaka vart reist for å fastsette rett skrivemåte for offentleg bruk.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsette skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 første ledd i lova. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 første ledd.

Høyring

Kartverket sendte saka til høyring i Hareid kommune i brev datert 12.2.2024.

Hareid kommune har hatt saka på høyring. Det kom inn svar frå Engeset hytteforening og namnenemnda i Hareid kommune.

Hytteforeninga går einstemmig inn for at skrivemåten skal vere *Engeskaret*.

Namnenemnda går inn for skrivemåtane *Engeskaret*, *Gjerdselva* og *Lisje Buhammaren*, «da desse er i tråd med lokal uttale». Dei peikar på at *Engeskaret* utan *d* er nytta i bygdebøkene.

På Facebook-sida til kommunen kom det inn ei rekke innspel til støtte for skrivemåten *Engeskaret*. Ein innsendar nemner også *Gjerdselva* og *lisje Buhammar*.

I brev datert 29.4.2024 har kommunen sendt dei lokale høyringssvara til Språkrådet.

Meir om namna i saka

Engeskaret

Engeskaret er primært namn på gardsnummer 66. Gardsdrifta vart lagt ned i 1945 ifølge bygdeboka, og i dag er mykje av marka stykka ut til hytteområde.

Uttale: æ`ngjaskare i Norske Gaardnavne (1908), *engjeska:re* og *engjeska:rvikja* i stadnamninnsamlinga i fylkesatlas (kolon markerer lang vokal), æ`ngjeskare i bygdeboka.

Skrivemåtar:

- Gamle skrivemåtar: Norske Gaardnavne fører opp *Engeschor* 1603 og *Engeschar* 1617, 1666 og 1723.
- Offentlege kart: Eldre kart har *Engeskar*, t.d. amtskart frå 1884 til 1952. Økonomisk kart frå 1965 har *Engeskaret* og *Engeskartunnelen*. Noreg 1:50 000 frå 1972 har *Engeskardet*, utgåvene frå 1992 og 2009 har *Engjaskaret*. Den siste forma har vore prioritert i SSR og nytta t.d. på www.norgeskart.no.
- Matrikkelen nyttar skrivemåten *Engeskaret* frå 1886 til i dag.
- Bygdeboka skriv *Engeskaret* (band 6 s. 250).
- Kommunen har fastsett *Engeskardet* som adressenamn, men finn ikkje noko vedtak om dette.
- I ein gjennomgang av namn på tettbygde område, gjekk namnenemnda i Hareid inn for skrivemåten *Engjeskaret* (9.2.2012). Det er ikkje i samsvar med planregisteret, som har *Engeskardet* *hyttefelt*.

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet har gitt si tilråding i brev datert 20.6.2024 (vedlagt). Språkrådet peiker på at uttalen æ`ngjaskare som er ført opp i Norske Gaardnavne ikkje ser ut til å vere i bruk i dag. Stadnamninnsamlinga i Fylkesatlas fører opp uttale med *-e-* i fugen, *engjeska:re*. Det er ikkje normeringspraksis å skrive *skar* med *d* anna enn i område der ein har uttale med tjukk *l*. Det er heller ingen praksis for å skrive *engje* med *j*, sjølv om det kunne vere i samsvar med uttalen.

Språkrådet tilrår skrivemåten *Engeskaret*, som har ein lang og dominerande tradisjon i skrift og som er ønska lokalt. I tråd med dette bør kommunen vedta *Engeskaret* som adressenamn. I samansette namn blir skrivemåten av førsteleddet *Engeskar-*.

Kartverket si vurdering

Kartverket er einig i Språkrådet sine vurderingar. Det er i samsvar med lov om stadnamn at namnet blir skrive med *-e-* i fugen når det er uttalen i dag, sjå rettsleg grunnlag ovafor.

Både *skar* og *skard* er rettskrivingsformer på nynorsk. På Sunnmøre er uttalen *skar* (ikkje tjukk l), og da bør skrivemåten vere *skar*. I tillegg til språklege omsyn skal ein ta omsyn til lokale ønske. Lokalt er det full einigheit om at skrivemåten bør vere *Engeskaret*.

Kartverket vedtar skrivemåten **Engeskaret** for gardsnamnet og bruksnamnet. For det avleidde namnet på ei vik, vedtar vi skrivemåten **Engeskarvika**.

Gjerdselva

Namnet *Gjerdselva* vart registrert i sentralt stadnamnregister med status foreslått i 2013. Foreslegne namn har ikkje offisiell status og blir ikkje teikna ut på kart.

Bygdeboka stadfester at elva heiter *Gjerdse-elva*, *Gjerdselva*, uttala *jærselva* (band 5 s. 462, 518 og 463). *Gjerdselva* er også mykje omtala i lokalavisa (ofte i samband med flaum).

Namnet var oppe i namnenemnda i samband med ei adressenamnsak i 2013. Nemnda peika då på at elva heier *Gjerdselva*. Nedafor Brekkane vart ho kalla *Drammenselva*, men denne delen ligg no i røyr. Namnet *Kvisla* om ein del av elva var også oppe til diskusjon, men nemnda meinte at dette ikkje var lokalt forankra.

Namnenemnda går inn for *Gjerdselva* også i denne høyringsrunden. Det same gjer ein innsendar på Facebook-sida til kommunen.

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet tilrår skrivemåten *Gjerdselva* (tilrådinga er vedlagt). Utgangspunktet for namnet er gardsnamnet *Gjerde(t)*. Namnet finst mange stade. Avleidde namn får gjerne forma *Gjerdse-*, og dei utfyllande reglane om skrivemåten av stadnamn presiserer at ein skal nytte den samansettingsmåten som blir brukt lokalt.

Kartverket si vurdering

Det ser ut til å vere full semje om at den delen av elva som renn over garden *Gjerde(t)* heiter *Gjerdselva*. Saka frå 2013 viser at det kan ha vore nytta fleire namn på elva. Det er ikkje uvanleg at elvar skiftar namn undervegs. Om den delen av elva som ligg opa i dag, er det uansett rett å nytte namnet *Gjerdselva* slik namnenemnda går inn for.


Kartverket vedtar skrivemåten **Gjerdselva**, som Språkrådet tilrår. Skrivemåten er nytta i alle kjelder og er i samsvar med det lokale ønsket.

Lisje-Buhammaren

Stadnamninnsamlinga i Fylkesatlas har uttaleforma *liʃʂebu:hamm'areŋ* (ʃ står for sj-lyd)

Namnet var registrert som *Litle Buhammaren* i SSR. Kjelda er sjøkart, som nyttar *l* som forkorting for *lille/litle*, sjå kartutsnitt nedafor. Grenseoppgang mellom Flø og Brandal frå 1863 skriv *Lillebuhammer*.

Det har kome ønske frå lokalt hald om å få inn skrivemåten *Lisjebuhammaren*, ført i penna av Håkon Johan Eliassen i e-post 4.2.2024, vidare sendt til Kartverket 6.2.2024. Da var namnet også feilplassert, men det er retta. Eliassen argumenterer for at *Litle* er feil skrivemåte i lokale stadnamn når uttalen er *lisje*. Han viser til at skrivemåten *Lisjebroren* vart tilrådd av Språkrådet og vedteke for eit fjell på grensa mellom Hareid og Ulstein.



Sjøkart frå 2008 med skrivemåten *I Buhammaren*.

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet skriv i tilrådinga si (vedlagt) at *Lisje* er ei regional samleform som er nytta i ein god del vedtekne stadnamnformer på Sunnmøre, slik forskrift om stadnamn §3 første ledd opnar for. Dei viser også til vedtaket frå 2023 om skrivemåten *Lisjebroren* for eit fjell på grensa mellom Hareid og Ulstein.

Dei skriv at skrivemåten primært bør vere *Lisje-Buhammaren*, alternativt *Lisjebuhammaren*. Skrivemåten med bindestrek gjer det mest tydeleg at namnet har utgangspunkt i namneforma *Buhammaren* litt lenger aust. Namnet bør ikkje skrivast med mellomrom, fordi det har berre eitt hovudtrykk etter uttaleopplysningane i Fylkesatlas.

Kartverket si vurdering

Som Språkrådet skriv, må ein sjå *lisje* som ei regional samleform på Sunnmøre. Med regional samleform meiner ein ei skriftform som ikkje er i samsvar med offisiell rettskriving, men som likevel ofte har ein skrifttradisjon i namnenormeringa, og som er basert på dialektformer som er i bruk over større område (sjå utfyllande reglar om skrivemåten av stadnamn). Desse formene er likestilte med rettskrivingsformer når ein normerer stadnamn etter forskrift om stadnamn § 3.

Vi er einige med Språkrådet at skrivemåten ikkje bør vere i to ord når namnet er uttala i eitt, dvs. med eitt hovudtrykk (som *ekteskap* i motsetnad til *ekte skap*). Bindestrek i stadnamn er ikkje så vanleg, men blir ein del nytta når eit tillegg til eit stadnamn står framfor namnet og uttalen er i eitt ord: *Store-Standal*, *Ytre-Dimna*. Stadnamnet *Buhammaren* er nok ikkje like godt kjent, men Kartverket meiner bindestrek vil lette lesinga fordi ein ser ledda tydelegare. Kartverket vedtar skrivemåten **Lisje-Buhammaren**.

Samlevedtak

Ettersom *lisje* allereie er vedtatt som regional samleform i ein god del namn på Sunnmøre, kan Kartverket gjere samlevedtak om skrivemåten *lisje* i alle namn i ein kommune som inneheld dette namneleddet. Det gjeld 9 namn i Hareid og 16 namn i Ulstein kommune. Kommunane kan ta kontakt med Kartverket viss dei ønsker samlevedtak, og gjerne avklare i dei lokale namnenemndene først.

Kunngjering

Kommunen skal sørge for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 første ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Vi ber om at kommunen informerer innbyggjarane, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Når vedtaket gjeld skrivemåten av bruksnamn, skal kommunen sende melding om vedtaket direkte til eigarane av bruket.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, jf. § 4 første ledd i lova. Etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren likevel rett til å fastsette ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk, dersom ho kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren sende krav om det til Kartverket og legge ved slik dokumentasjon. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

I denne saka er namnet i matrikkelen for bnr. 66/1 *Engeskaret*, i samsvar med vedtaket i namnesaka.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Vi vil minne om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seie organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Vi presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er derfor ikkje pålagde å følgje vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg vi derfor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i adressenamn og andre namn der primærnamnet inngår.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR vert oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Klage

Dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn, kan etter § 12 i lov om stadnamn klage på vedtak. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tar klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort første gongen.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtale alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonssjef

Berit Sandnes
stadnamnansvarleg

Dokumentet blir sendt utan underskrift, i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)
Stadnamninnsamlinga i fylkesatlas: https://www.fylkesatlas.no/stadnamn_alle .

Vedlegg: Tilråding frå Språkrådet

Kopi
SPRÅKRÅDET
ULSTEIN KOMMUNE
Kristoffer Hagen, HAREID KOMMUNE